



Det er tid for å søkje Gud

DET ER TID TIL Å KOMA NÆRARE GUD SÅ ME KAN TENA HANS PLAN FOR VÅR TID OG SJÅ EIN NY PROFETISK GENERASJON REISA SEG.



TID TIL Å SØKJE GUD

I desse dagane seier Den Heilage Ande til mange kristne menneske over heile landet at det er tid for å søkja Gud. Mange gode bønne- og fastetiltak er sette i gang. Januar månad har vore ein månad med felles bøn og faste mange stader i landet vårt. Anden held fram med å seia at det er tid for å søkja Gud. Det er tid for å bruka tid for Guds åsyn. Det er tid for å spørja Herren til råds. Det tid for å koma nærare Gud så me kan tena hans plan for vår tid og sjå ein ny profetisk generasjon reisa seg.

GRUNNVOLLEN I KRISTENLIVET

Å søkja Gud er noko av det mest grunnleggjande i det å vera ein kristen. Det er sjølv grunnvollen i kristenlivet. Det er å venda seg frå alt syndig, verdsleg og menneskeleg for å venda seg til Gud for å læra han å kjenna så me kan gjera hans vilje. Å tru på Gud er å søkja Gud. Difor er det alltid tid for å søkja Gud for det er det som er den kristne livsstilen. Sjå kva Guds ord seier:

Søk Herren medan han er å finna, kall på han den stund han er nær! Den gudlause må venda seg frå sin veg og ugjerningsmannen frå sine tankar og snu om til Herren, så skal han visa miskunn, til vår Gud, for han er rik på tilgjeving. For mine tankar er ikkje dykkar tankar, og dykkar vegar er ikkje mine vegar, seier Herren. Nei, så høg som himmelen er over jorda, så er mine vegar høgare enn dykkar vegar og mine tankar høgare enn dykkar tankar. - Jes 55:6-9

Så rettferds sæde, og hausta truskaps frukt, bryt dykk nybrot! For no er det tid til å søkja Herren,

før han kjem og lèt rettferd regna over dykk. - Hos 10:12

Herren er god mot dei som ventar på han og søkjer han. - Klag 3:25

Utan tru er det umogleg å vera til glede for Gud. For den som stig fram for Gud, må tru at han er til, og at han løner dei som søkjer han. - Hebr 11:6

Når Den Heilage Ande taler til så mange kristne i desse dagane om å søkja Gud må det vera fordi dette er ei tid kor Gud er å finna. Dette er ei tid kor Gud ynskjer å koma med svar. Dette er ei tid med gjennombrøt og ny framgang for Guds rike. Dette er ei tid kor Gud er nær. Han kjem til folket sitt med forfrisking og fornying. Han leitar etter dei som søkjer han, så han med si makt kan hjelpa dei som heilhjarta held seg til han! Han løner dei som med iver og flid søkjer han. Han løner dei som søkjer han grundig og alvorleg. Han let seg finna av dei som leitar og lengtar etter han.

David formanar sonen sin til å søkja Herren så han kunne læra Gud å kjenna og tena hans plan:

Oh du, Salomo, son min, sjå til at du lærer å kjenna Gud åt far din, og ten han av eit heilt hjarta og ein viljug hug! For Herren ransakar kvart hjarta og kjenner kvar tanke som stig opp i det. Dersom du søkjer Herren, lagar han det så at du finn han. Men vender du deg frå han, støyter han deg bort for alltid. Ta deg i vare! For Herren har valt deg ut til å byggja hans hus og heilagdom. Ver modig og gå til verket! - 1 Krøn 28,9-10

Å søkja Gud er nært knytt til det å læra Gud å kjenna og finna hans vilje, og er den einaste måten me kan vera med å byggja Guds hus på. Då David gav oppdraget til folket om å byggja Guds hus kom han med denne oppmodinga: *Så legg no hjarta og hug i å søkja Herren dykkar Gud! Og gjer dykk ferdige til å byggja heilagdomen åt Herren Gud, så de kan få flytt Herrens paktkiste og dei heilage kara som høyrer gudstenesta til, inn i det huset som skal byggjast for Herrens namn - 1 Krøn 22:19*

Å SPØRJA HERREN TIL RÅDS

Å søkja Gud er å spørja Herren til råds. Det er noko me verkeleg treng å gjera om me vil lukkast i å sjå Guds forsamling verta slik Gud vil ha henne. Gud vil ha forsamlinga for seg, på sin måte, til si ære. Han vil ha ei rein og herleg brur for Sonen sin. Difor treng me å spørja Gud til råds når me legg planar for det kristne arbeidet og ikkje berre fylgja dei siste trendane og det som er vanleg eller populært i kristne krinsar for tida. Me må leva i ei frisk salving og alltid vera leia av Anden. Difor må me heile tida søkja Gud og spørja han til råds.

David er eit godt døme på det å spørja Herren til råds. Han gjorde det ofte. Dette er nok den viktigaste grunnen til at han lukkast i si gjerning som konge for folket sitt. I 2.Sam.5,17-25 har me ei forteljing som syner dette på ein god måte. Då David hadde vorte sett inn som konge over heile Israelfolket samla filistarane seg for å gå til krig mot han og leggja Israelfolket under seg på ny. Men David fekk greie på det og fór ned til fjellborga. Filistarane kom og spreidde seg ut over Refa'im-dalen.



Då spurde David Herren til råds: «Skal eg dra opp mot filistarane? Vil du gje dei i mine hender?» Herren svarte David: «Dra du; eg vil gje filistarane i dine hender.» Så fór David til Ba'al-Perasim, og der slo han dei. Då sa han: «Herren har brote igjennom fiendens rekkjer for meg liksom vatn bryt igjennom ei demning.» Her ser me ei krise verta avskaffa og vend til framgang. Løyndomen var at David spurde Herren til råds og gjorde det Gud sa. Eg liker denne enkle framstillinga: David spurde Herren, og han svarte med ein gong. Så slo David fienden og gav Gud ære.

HAN LØNER DEI SOM MED IVER OG FLID
SØKJER HAN. HAN LØNER DEI SOM SØKJER
HAN GRUNDIG OG ALVORLEG. HAN LET SEG
FINNA AV DEI SOM LEITAR OG LENGTAR HAN

Det er ei flott historie, men ho sluttar ikkje der. Filistarane kom att endå ein gong og spreidde seg ut over Refa'im-dalen. No kunne David vore trygg på siger. Han hadde jo fått røynsle med å slå filistarane i denne dalen. Han kunne gått ut mot dei slik han gjorde førre gongen og venta at han skulle slå dei på same måte som sist. Men David gjorde

ikkje det. Han visste at han var avhengig av Guds hjelp. Då han slo filistarane førre gongen gav han Gud ære for det var Gud som hadde brote gjennom fiendens rekkjer for han. David forsto at det er ikkje i eiga kraft mannen er sterk, for framgang kjem ikkje med menneskeleg makt og kraft, men med Herrens Ande.

Endå ein gong spurde David Herren til råds, og han svarte: «Du skal ikkje dra beint opp mot dei. Ta ein omveg og kom attanfor dei! Gå så på dei midt for balsamtrea! Når du høyrer lyden av steg over tretoppene, skal du

storma fram. For då har Herren drege ut framføre deg og vil slå filistarhæren.» David gjorde som Herren hadde sagt; og han slo filistarane og forfylgde dei frå Geba til bort imot Geser.

Me møter også dei same utfordringane på ny og på ny. Fienden slår tilbake gong på gong. Då er det viktig at me

ikkje berre gjer ting slik me alltid har gjort ting. Det er viktig at me ikkje sit fast i gode og velprøvde metodar eller strategiar, men heile tida spør Herren til råds. Om me berre flyt på erfaring og tilvande måtar å gjera ting på, kan me gå på store nederlag. Men om me høyrer friskt frå Gud vil me fylgja nye strategiar gjevne av Den Heilage Ande og sjå gjennombrøt på gjennombrøt og stor framgang for Guds rike.

For David var det vorte ein livsstil å søkja Gud og spørja Herren til råds. Når han møtte utfordringar og store vanskar søkte han styrke hjå Herren og ikkje hjå menneske. Difor var Herren med han og let det han gjorde lukkast til Guds ære og til velsigning for Guds folk. Men kong Saul var på mange måtar sjølve motsetnaden til David. Han søkte ikkje råd hjå Herren slik David gjorde. I staden sveik han Herren og heldt seg ikkje etter Herrens ord, men spurde daudingånder til råds. Difor lét Herren han døy, og kongedømet gjekk over til David²

Men jamvel David gløymde å spørja Herren til råds i nokre tilfelle og då gjekk det galt for han og folket hans. Då han hadde sett seg føre at paktkista skulle plasserast i det teltet han hadde sett opp i Jerusalem samla han heile folket for å ta del i denne store hendinga.

2. 1 Krøn 10:13-14



Grunngjevinga til David var god, at han ville ha paktskista, som var teiknet på Guds nærvær hjå folket sitt, i Jerusalem slik at han kunne spørja Herren til råds der. Det hadde ikkje Saul gjort.³ Det var eit godt og rett tiltak som Herren hadde hugnad i, så langt. Men David gjorde det ikkje på rett måte. Han sette paktskista på ei vogn i staden for å lata levittane bera henne slik Gud hadde sagt til Moses. Det var rett og godt å føra paktkista til Jerusalem, men David han spurde ikkje Herren til råds om den rette måten å gjera det på.⁴ David fylgde berre sine egne tankar om kva som var ein fornuftig og moderne måte å flytta paktskista på. Fordi han gløymde å spørja Gud om den rette måten å gjera dette på, var det fyrste forsøket hans mislukka og ein av hans beste menn mista livet som ei fylgje av det. Denne hendinga syner oss kor viktig det er å søkja Herren i alt me gjer så me kan gjera det rette på rett måte og lukkast til Guds ære.

*Guds tankar er høgare enn våre
menneskelege tankar
Rehabeam gjorde det som vondt
var; for han la ikkje vinn på å
søkja Herren - 2 Krøn 12,14*

Kong Rehabeam, som var son til den vise Salomo og som hadde fått god oppseding og opplæring frå far sin slik Ordtøka viser, gjorde likevel det som vondt var. Trass god kristen oppseding, trass god undervisning, trass god kunnskap til bibelsoga, gjorde han likevel det som vondt var. Han gjorde det han og den unge generasjonen tykte var fornuftig og klokt, men han enda opp med å gjera det som vondt var. Kvifor gjekk det slik? Av di han ikkje vende hjarta sitt til å søkja Herren. Han fylgde berre sin menneskelege fornuft. Han vende ikkje hjarta sitt til å søkja Herren. Difor gjorde han det som vondt var. Dette er litt skræmmande. Om me ikkje søkjer Herren, men berre fylgjer våre menneskelege



tankar, vil me enda i det som vondt er. Her ser me kanskje ein av dei viktigaste grunnane til å søkja Gud. For Guds tankar er ikkje våre tankar, og våre vegar er ikkje Herrens vegar. Hans vegar er høgare enn våre vegar og hans tankar høgare enn våre tankar. Om me ikkje søkjer Gud endar me opp

med berre menneskelege tankar og dei er på eit mykje lågare plan enn Guds tankar. Om me ikkje søkjer Herren vil me bruka menneskelege metodar og vil ikkje få guddommelege resultat. Det som er født av kjøt er kjøt, sa Jesus. Det er berre det som er født av Anden som gjev åndelege frukter.

3. 1 Krøn 13:2

4. 1 Krøn 15:13 - TNIV

DAVID FYLGDE BERRE SINE EIGNE TANKAR OM KVA SOM VAR EIN FORNUFTIG OG MODERNE MÅTE Å FLYTTA PAKTSKISTA PÅ. FORDI HAN GLØYMDDE Å SPØRJA GUD OM DEN RETTE MÅTEN Å GJERA DETTE PÅ VAR DET FYRSTE FORSØKET HANS MISLUKKA

Då Israelsfolket var ført i fangenskap til Babylon, var det mange falske profetar som profeterte at dette kom til å verta kortvarig og at Herren snart skulle føra dei tilbake til Jerusalem. Jeremia, som var ein sann Guds profet og som hadde åtvara dei og sagt at Herren kom til å føra dei i fangenskap, hadde eit anna synspunkt. Han sa at dei skulle slå til i Babylon, at dei skulle byggja hus og be om velstand for byen dei var bortførte til.

Så seier Herren: Når sytti år er lidne for Babylonia, skal eg sjå til dykk. Då vil eg gjera det eg har lova, og føra dykk heim att til denne staden. For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukketankar. Eg vil gje dykk framtid og von. Når de kallar på meg og kjem til meg med bønene dykkar, vil eg høyra på dykk. Når de søker meg, skal de finna meg. Ja, søker de meg av eit heilt hjarta, lét eg dykk finna meg, seier Herren. Så vil eg venda lagnaden dykkar og samla dykk frå alle dei folk og stader som eg har drive dykk bort til, lyder ordet frå Herren. Og eg vil la dykk koma heim att til den staden eg førte dykk bort ifrå - Jer 29,10-14

Desse jødane var ikkje i ein ynskjesituasjon. Tvert om var dei i ei veldig vanskeleg stode, i fangenskap langt bort frå heimlandet sitt. Likevel seier Herren at han har late dette henda av di han har gode tankar for dei. Han vil gje dei framtid og von. Denne vanskelege tida er ei tid for å søkja Gud og finna han og leva i hans nærvær og velsigning i det framande landet.

Daniel er ein av desse som trudde profetordet frå Jeremia. Han sette seg føre å ikkje gjera seg urein, men å leva etter Guds ord i dette framande landet. Utan å gå på kompromiss fekk han ein av dei høgaste stillingane i samfunnet. Han var på alle måtar ein trufast mann og fanst ikkje forsøming eller lovbrøt hjå han. Det vart sagt at det var ei høg ånd i han.⁵ Folk fann opplysning og skjøn hjå han og ein visdom som dei kalla guddomeleg.⁶ Grunnen til denne visdomen og gode karakteren finn me i Daniel sine gode bønvanar. Han la alle vanskar og utfordringar fram for Gud som openberra løyndomar og gav han løysingar på vanskar ingen andre greidde å løysa. Me vert fortalde at han tre gonger for dagen gjekk avsides for å søkja Gud.⁷ Ved å søkja Gud fekk han del i Guds høge og gode tankar, han fekk visdom frå Gud. Desse høgverdige tankane forma sjølv karakteren hans og han vart kjenneteikna av ei høg ånd. Folk rundt han, som ikkje kjende Gud, måtte sanna at han hadde guddommeleg visdom og innsikt. Når me søker Gud, høyrer frå han og gjer det han seier vil jamvel folk som ikkje trur på Gud måtta innsjå at me har med Gud å gjera!

KRISETIDER – VANSKELEGE TIDER
Me har alt sett at det er mange gode grunnar til å søkja Herren. Men om det er noka tid me treng å søkja Herren i, er det i krisetider. Kristentrua har på mange måtar vanskelege kår i samfunnet vårt for tida. Samfunnet går i ei utvikling som fører bort frå dei kristne verdiane, bort frå Guds gode lover og ordningar. I slike vanskelege tider med mykje motstand treng me meir enn nokon gong å søkja Gud for å kunna vera

med å snu utviklinga i landet vårt.

På kristenfronten får me mange ulike meldingar for tida. Mange forsamlingar slit og mistar medlemmar. Det er stor mangel på leiarar. Nokre plassar står arbeidet i stampe og andre plassar er det tilbakegang. Samstundes får me meldingar om framgang og vokster. Ungdom søker Gud og det er ny giv på mange bedehus. DAWN rapporterer at det stadig vert starta nye forsamlingar i landet vårt, men ikkje i like høgt tempo som for få år tilbake. Det kan ikkje vera tvil om at det er tid for å søkja Gud for å endra på denne stoda for å sjå større gjennombrøt for Guds rike i landet vårt.

Guds ord gjev oss gode lovnader knytte til det å søkja Gud i vanskelege tider. Gud seier om me kallar på han den dagen me er i vanskar, så vil han fri oss ut og hjelpa oss.⁸ Me har også denne lovnaden om at eit heilt land kan verta lækt om Guds folk søker Gud:

Dersom då dette folket som namnet mitt er nemnt over, gjer seg lite og mjukt og bed, søker meg og vender om frå si vonde ferd, så vil eg høyra det i himmelen, tilgje synda deira og lækja landet deira - 2 Krøn 7:14

Både her og andre plassar er det å søkja Gud knytt til å forlata vond ferd og menneskelege tankar⁹ for å gjera Guds vilje. Når me som er Guds folk audmjukar oss og legg til sides våre meiningar og tradisjonar, for å finna kva Gud vil me skal gjera, kan me venta at Gud grip inn og gjer store endringar i landet me lever i. Eg trur at kristne menneske bør vera aktive i politikken og på alle område i livet for å påverka

5. Dan 6:4

6. Dan 5:11-12, 14

7. Dan 6:11

8. Sal 50:15

9. Jes 55:7-8



utviklinga i samfunnet i rett veg. Men det viktigaste me kan gjera er å søkja Gud fyrst og så gjera det han bed oss om å gjera. Då vil arbeidet me gjer bera rik frukt. Difor må me be for alle kristne politikarar og næringslivsleiarar spesielt, at dei får nåde til å fremja Guds rike i ord og gjerning på grunn av sin kristne integritet.

Kong Asa var på mange måtar ein veldig god konge som gjorde det som var godt og rett, men på slutten av styrestida hans gjekk han på kompromiss og fekk motbør frå Guds profet på grunn av det. Då han ikkje ville høyra på ordet frå Gud møtte både han og landet ei vanskeleg tid med krig og sjukdom. I denne vanskelege stoda, endå han var sjuk, søkte han ikkje Herren, men berre menneskeleg hjelp.¹⁰ Å ikkje søkja Herren i kriser og vanskelege tider er svært kritikkverdige!

Å HANDLA PÅ GUDS ORD

David sa det slik: Eg kjem i hug at du har sagt: «De skal søkja mitt åsyn.»

10. 2 Krøn 16

Herre, eg søker ditt åsyn.¹¹ Dette er ei fin innstilling som me alle bør ha. Det er å ta Gud på ordet og gjera det han seier og venta at då kjem Gud til

må først attende til eit nært liv med Gud. Me må søkja Gud for å få vita korleis me kan hjelpa desse menneska på den beste måten. Det er også tid

HERREN HAR SAGT AT ME SKAL SØKJA HAN, DET ER GRUNN NOK TIL Å GJERA DET! GUD SEIER: SØK MEG SÅ SKAL DE LEVA! ME FINN LIV OG LÆKJEDOM, FORFRISKING OG FORNYING, SVAR OG LØYSINGAR OM ME SØKJER GUD.

oss me den hjelpa me treng. Herren har sagt at me skal søkja han, det er grunn nok til å gjera det! Gud seier: Søk meg så skal de leva!¹² Me finn liv og lækjedom, forfrisking og fornying, svar og løysingar om me søker Gud.

Når det gjeld å så og hausta og bryta nytt land, så er det tid til å søkja Gud.¹³ Mange som har hatt eit forhold til Gud, men som har kome på avstand

for nybrottsarbeid i landet vårt. Skal arbeidet vårt bera frukt må me søkja Gud og verta leia av Anden i alt me gjer.

Gud har lova at han vil lata seg finna av dei som søker han. Han har sagt at han vil vera nær dei som søker han. Han har lova å hjelpa og velsigna dei som søker han. Lat oss gjera det!

ERLING THU
ERLINGTHU@GMAIL.COM

11. Sal 27:8

12. Amos 5:4,6

13. Hosea 10:12